



Hordaland Fylkeskommune Kultur- og idrettsavdelinga

5020 BERGEN

Elizabeth Warren

## Søknad om tilskot for kulturminneplanar i Hordaland

Me viser til utlysning av midlar og søker med dette om 100.000 kroner til arbeidet med revidering av kulturminneplan for Voss kommune.

Voss kommune skal ta fatt på arbeidet med å revidere eksisterande kulturminneplan frå 2004. Ei rullering av kulturminneplanen skal bidra til at Voss kommune får styrka og oppdatert kjennskap på kulturminnefeltet. Vidare vil dette bidra til at kommunen får sikra og vidareføra kulturarva vår, at verdsarva vert ytterlegare synleggjort og at kunnskap knytt til kulturminne og kulturlandskap vert sikra og formidla.

Voss kommune vedtok sin «kommunedelplan for kulturminne i Voss, 2004 – 2007» i 2004. Kulturminneplanen vart i si tid utforma med hovudmålsetjing om å registrera, sikra og forvalta kulturminne og kulturlandskap på ein forsvarleg og framtidsretta måte.

I utarbeidingsa av planen vart kartlegging og registrering av kulturminne prioritert. Kartlegging av viktige kulturlandskap vart ikkje tilfredsstillande gjennomført. Voss kommune vedtok i 2015 sin aller fyrste kulturplan der fagfeltet «Verdsarv, kulturminne, kulturvern og museum» er skildra med fem overordna målsetjingar og 20 konkrete tiltak. Det er likevel behov for ei rullering av kulturminneplanen.

I kulturminnelova heiter det at «Kulturminne og kulturlandskap skal registrerast, sikrast og forvaltast på ein forsvarleg og framtidsretta måte»: Vossebygda husar mange særmerkte kulturminne med stor lokalhistorisk verdi, som i større grad enn i dag bør gjerast tilgjengelege for alle.

Mål i kulturplanen:

- Sikra og vidareføra kulturarven vår
- Synleggjera verdsarva
- Sikra og formidla kunnskap som er knytt til verdsarv, kulturminne, kulturmiljø og kulturminneløyper
- Introdusera og gjera born og unge i bygda kjende med kulturarven og identiteten sin

Ei rullering av kulturminneplanen skal innehalda ei oppdatering av kulturminna samstundes som kulturlandskapa i kommunen vert registrert og vurdert. Nye verktøy innan registrerings- og forvaltningsarbeidet (mal for kulturminnevern, få prioriterte kulturminne kartfesta og lagt inn i Askeladden) skal integrerast i kommunen sitt arbeid.

Kommunalsjef for kultur og fritid, Gunnhild Utkvitne er prosjektleiar. Prosjektgruppa vert samansett av representantar frå kommunalavdeling kultur og fritid, planavdelinga, landbruk, Hardanger og Voss museum, representant frå Miljø og kulturutvalet og andre ressurspersonar frå kulturminnefeltet.

### Framdriftsplan

23. januar 2017	Opplæring i bruk av Askeladden
9. mars 2017	Miljø og kulturutvalet (MKU), oppstartssak
20. mars 2017	Fyrste møte i prosjektgruppa
23. mars 2017	Varsel om oppstart av arbeidet/ lokalavisa
30. mars 2017	Innspelseminar
8. mai 2017	Frist for innsending av førehandsinnspel
mai 2017	Andre møte i prosjektgruppa





haust 2017	Møter i prosjektgruppa
januar 2018	MKU handamar første utkast til plan
januar 2018	Planutkast til offentleg høyring
12. februar 2018	Høyringsfrist
April 2018	MKU endeleg handsaming
Juni 2018	Kommunestyret handsamar planen

### Budsjett og finansieringsplan

Budsjett	
Prosjektleiing	kr 250.000
Kartlegging/registrering/analyse	kr 150.000
Møter og diverse	<u>kr 50.000</u>
Totalt	kr 450.000

Finansiering	
Bruk av eigne tilsette	kr 250.000
Tilskot frå Hordaland Fylkeskommune	kr.100.000
Tilskot frå Riksantikvaren	<u>kr 100.000</u>
Totalt	kr 450.000

Med helsing  
Voss kommune  
Kultur og fritid - Stab

Silje Solstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur